



Styremøte

Tid og stad:

Tysdag 8. desember 2015 kl. 18.00 i Fløda hjå Anne Bjørg.

Saksliste:

1. Innbrotssaken
2. Nissemarsj
3. Klubbhusprosjektet
4. Tilskot til turløyper
5. Hjartestartar
6. Årsmøte
7. Mobilinnsamling
8. Eventuelt

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare

Referat:

Sak 1: Saken har vorte ført over igjen frå Konfliktrådet til Politiet. Spørsmål om vi vil køyre rettssak. Dei meiner det er mykje styr for lite pengar, og kan nesten garantere at vi ikkje får dekt det som står igjen å betale for skadane på klubbhuset. Fleirtal for å ikkje gå vidare med saken. Innbrotssaken er difor å rekne som over. Å rekne som over.

Sak 2: EV og KOS tek ansvar for nissemarsjen. Dei finn ein dato mellom jul og nyttår, og syter for nok faklar og mandarinar/peparkaker eller liknande å bite i. ABB får tak i plakatar.



Sak 3: Sande Næringsforum har vedteke å gje oss eit tilskot på inntil 80.000 kr, som skal gå til treningsapparat og inventar elles. Byggelånet er framleis ikkje på plass, då teknisk eining i kommunen ikkje har fått på plass festeavtalen som er nødvendig. Vi går for tilbodet frå Sportsmaster på rundt 150.000 kr inkludert moms når det gjeld treningsapparat. Det ligg an til støyping av golv og uteplatting tysdag 15. desember.

Sak 4: Idrettslaga i Sande går saman om felles søknad om tilskot til turløyper. Vi får løypa frå Skare til Dollsteinen inn i søknaden. Tilskotet er tenkt til skilt og merkepinnar. Det er også planlagt å lage kart over alle løypene, som skal plasserast sentralt i kvar bygd. Anders i trimgruppa har kontrollen.

Sak 5: Ny førespurnad frå grendalaget om støtte til hjartestartaren som skal vere tilgjengeleg ved brannstasjonen. Vi vil gi 5.000, men må få klarlagt kva dei manglar og kva dei har fått inn, før vi gjer det.

Sak 6: Årsmøte 5. februar 2016. SHB informerer rekneskapsførar, ABB gir beskjed til trimgruppa.

Sak 7: Dei innsamla telefonane er sendt inn. Uvisst resultat.

Sak 8: Det vart diskutert litt rundt fotballtilbodet for 2016. Fotballgruppa tek kontakt med Kvamsøy, og finn ut av det.

Møtet slutt 19.45.